



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**/Avdeling for areal og transport**

Vår dato	25.08.2017
Deres dato	2017-05- 24T00:00:00
Vår referanse	16/07952-3
Deres referanse	
Vår saksbehandler	Aslaug Norendal

## Svar på høring - Søknad om løyve til å bygge 4 småkraftverk, og opprusting og utviding av eit kraftverk - Fyresdal kommune

Vi viser til søknad om løyve til å bygge 4 småkraftverk, og opprusting og utviding av eit kraftverk i Fyresdal kommune i Telemark

NVE har motteke søknad frå fleire søkerar om løyve til å bygge 4 småkraftverk i Fyresdal kommune. Samstundes er det søkt om opprusting og utviding av Soks kraftverk i same kommune. Søknadane skal handsamast samstundes, og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla.

### **Nyare tids kulturminne**

Vi har ikkje opplysningar i våre arkiv om at det finnes nyare tids kulturminne av nasjonal eller regional verdi innanfor tiltaksområda. Det kan vere eldrekulturminne av lokal verdi, som fløytingsanlegg eller rester av dette som er bevart lags vassdraga, og vi ber om at dei blir ivaretatt. Vi minner om at tiltak som gjeld riving eller vesentleg endring av ikkje freda byggverk eller anlegg oppført før 1850, må sendast fylkeskommunen til uttale.

### **Omsynet til automatisk freda kulturminne**

*Felles vurdering: Bergsåi kraftverk, Steinvassåne kraftverk, Soks kraftverk, Bindøl kraftverk og Bjørnstadåi kraftverk*

Det er tidlegare registrert ei rekke automatisk freda kulturminne i dei aktuelle områda. Dette saman med ei vurdering av landskap og terrenget, tilseier at automatisk freda kulturminne òg kan vere bevara område for tiltak. I samsvar med kulturminnelova § 9 må vi difor utføra ei arkeologisk registrering før vi kan gje endeleg utsegn til søknadene (jf. kulturminneloven §§ 3 og 8).

For å kunna vurdere metodebruk og omfang av registreringane, ber vi om at eit oversyn over alle mellombelse og permanente tiltak som søknadene vil omfatta vert sendt oss i sosi- eller shape format.  
Filene kan sendast til Line Grindkåsa på [line.grindkåsa@t-fk.no](mailto:line.grindkåsa@t-fk.no)

Vi viser til kulturminnelova § 9 om undersøkingsplikta av offentlege og større private tiltak og til § 10 om at utgifter til særskilt gransking må dekkast av tiltakshavar. Vi gjer òg merksam på at arkeologiske registreringar kan berre utførast på bar og frostfri mark. Den arkeologiske feltsesongen i eit normalår er frå midten av april til november.

### Behandling av automatisk freda kulturminne

Postadresse:	Besøksadresse:	Sentralbord	Foretaksregisteret: 940 192 226
Postboks 2844	Fylkesbakken 10	35 91 70 00	E-post: <a href="mailto:post@t-fk.no">post@t-fk.no</a>
3702 Skien	3715 SKIEN		<a href="http://www.telemark.no">www.telemark.no</a>



Automatisk freda kulturminne skal innarbeidast i detaljplanane og visast som omsynssone i arealplankart, jf. plan- og bygningslova (tbl) §§ 11-8 d (bandlegging etter kulturminnelova) og 12-6. Avgrensinga av omsynssone d følgjer av kulturminnelova § 6.

Vi gjer merksam på at ei omsynssone d som regel ikkje vil vera tilstrekkeleg for å ta vare på kulturminnet og konteksten det tilhører. Av den grunn bør/må ei omsynssone c liggja omkring kulturminnet som ein buffer (jf. tbl § 11-8 c). Den geografiske avgrensinga av omsynssone c skal skje i samråd med regional kulturminneforvalting.

Begge omsynssonene skal følgjast av føresegner som sikrar kulturminnet, jf. tbl § 12-7.

Om det viser seg at det er konflikt mellom eit automatisk freda kulturminne og tiltaket, må det søkjast om dispensasjon frå kulturminnelova. Søknaden blir utarbeidt av fylkeskommunen og sendt til Riksantikvaren for vurdering. For at Riksantikvaren skal ha tid til å handsame søknaden har det regionale kulturminnevernet rett til tre månader uttalefrist, i medhald av kulturminnelova § 9 andre ledd. Fristen kan om naudsynt forlengast ytterlegare. Om Riksantikvaren innvilgar dispensasjon, vil det vanlegvis stillast vilkår om ein arkeologisk utgraving før tiltaket blir realisert. Utgifter til ei slik utgraving må berast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10. For meir informasjon viser vi til våre internetsider (<http://www.telemark.no/kulturminne>) og heimesidene til Riksantikvaren (<http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Veiledning/>).

Vi gjer også merksam på *meldeplikta* etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det blir oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjent på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følge stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikre seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje blir skada. Telemark fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding. Om det blir påvist automatisk freda kulturminne er det Riksantikvaren som avgjer om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det.

Eventuelle spørsmål kan rettast til rådgjevar Line Grindkåsa på telefon 35 91 72 97 eller [line.grindkasa@t-fk.no](mailto:line.grindkasa@t-fk.no).

### Tilhøvet til innlandsfisk

#### Bergsåi

Det vert opplyst om at det er fisk i elva Bergsåi, samt i Røyningsvatn, Bjønntjønn og Mjåvatn. Det er ikkje gjort undersøkingar som kartlegg fiskesamfunnet i vassdraget. Fylkeskommunen meiner at det bør gjerast undersøkingar som kan seie meir om fiskesamfunna, gyeområde, og andre vasslevande organismar.

#### Bindøl

Vassdraget er truleg fisketomt utan at det er bekrefta ved nærmere undersøkingar. Det bør derfor gjerast undersøkingar i elva for å sikre at avgjersle om utbygging vert teken på riktig grunnlag.

#### Bjørstadåi

Det vert opplyst at det er førekomstar av fisk i vassdraget, utan at dette er kartlagt. Fylkeskommunen meiner difor at det bør gjerast undersøkingar som kartlegg førekomst av fisk i aktuelt vassdrag.



### **Steinsvasså med utviding av Soks kraftverk**

Det vert opplyst at Soks, samt Steinsvatn, Nilsestjønn og Furevatn, vert rekna som fisketomme, utan at dette er nærmere undersøkt. Fylkeskommunen meier difor at det bør gjerast kartlegging av moglege førekomstar av fisk.

### **Vurdering innlandsfisk**

Fiskesamfunna i dei fire vassdraga er ikkje godt nok utgreidd i høve til dei tiltaka det vert søkt om, jf. naturmangfaldlova § 8 (kunnskapsgrunnlag). Det bør difor gjerast undersøkingar for å kartlegge fiskesamfunna i vassdraga før ein tek avgjerd i sakene.

Naturmangfaldlova og lakse- og innlandsfisklova har som føremål å taka vare på bestanda og deira leveområde. Kraftutbygging i vassdrag har negativ verknad på fisk da kraftutbygging fragmenterer og reduserer fiskens leveområde. Dessutan skapar det stengsel som hindrar fiskens naturlege vandringer for reproduksjon, gyting, næringssøk og vinteropphald. Ein bør setja inn avbøtande tiltak for å oppretthalde fiskens naturlege vandringsmønster i dei vassdraga der det er førekomstar av fisk.

### **Vassforvalting elles.**

I dokumenta er EU's vassdirektiv nemnt. Ein finn ikkje omtale av godkjend Regional plan for vassforvalting i vassregion Agder. <http://www.vannportalen.no/plandokumenter/planperioden-2016---2021/>

Planen vart vedteken i Telemark fylkesting den 24.06. 2015 og er også vedteken i dei andre fylka i Agder vassregion. Planen vart godkjend sentralt i Klima- og miljødepartementet 04.07.2016.

Jf. Plan- og bygningslova og vassforskrifta skal den regionale planen leggjast til grunn for regionale organ sin verksemد og for kommunal og statleg planlegging og verksemد i regionen. Føremålet med den regionale vassforvaltingsplanen er å fastsette miljømål for vassførekostane. Det må gjerast tiltak for å betre vassmiljøet der dette er dårleg og ein skal passe på å halde oppe godt vassmiljø i vassførekostane der det allereie er god økologisk tilstand.

Sure vatn og vassdrag pregar den økologiske tilstanden til fleire av dei aktuelle vassførekostane i området. Regional plan peiker på at det er behov for meir kartlegging av miljøpåverknadane jf. krav i vassforskrifta.

Sjølv om regional plan har mykje fokus på miljøet i den enkelte vassførekosten, er heilskapleg vurdering av miljøbelastinga kontra samfunnensnytte av utbygging viktig. Sjå § 12 i vassforskrifta. Ved ei mogleg utbygging, er avbøtande tiltak viktig. Minstevassføring kan vere mogleg avbøtande tiltak og som det bør vere særleg fokus på ved handsaming av søknadane.

### **Friluftsliv og landskap**

Vatn og vassdrag er viktige element for rekreasjon, friluftsliv/landskapsopplevelingar. Kraftutbygging kan vere med på å redusere opplevingsverdet for den enkelte på grunn av redusert vassføring og tekniske inngrep i naturen. Av di det er nokre merka turstiar både i området ved Bergsåi (Røyningdalen/Roan) og Bindøla (Bindalen/Bindalsfjell), må ein vise særskilt omsyn til dette ved ei eventuell kraftutbygging. Ved at det nå vert søkt om fleire utbyggingar i øvre del av Nidelva vassområde, bør summen av inngrep/miljøpåverknad vurderast i ein større samanheng, der også landskapsverknad og ikkje minst friluftsliv (både for det lokale og det regionale) vert utgreidd betre. Sjølv om det i deler av området ikkje er mange stiar;- noko som kan vitne om liten friluftslivsaktivitet, er dette også viktige verdiar å ta omsyn til (urørt natur og potensiale for friluftsliv).

### **Vurdering kulturminnevern**



Det regionale kulturminnevernet har ingen innvendingar til søknadene. Det er likevel uavklart om tiltaka søknadene er i konflikt med regionale og/eller nasjonale arealbruksinteresser (fortrinnsvis automatisk freda kulturminne). Telemark fylkeskommune vil av den grunn ikkje gje endeleg uttale til reguleringsplanforslaget før undersøkingane etter kulturminnelova § 9 er oppfylt, dvs. at dei varsle undersøkingane er gjennomført

Med vennlig hilsen

Aslaug Norendal

aslaug.norendal@t-fk.no  
+47 35 91 73 51

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.*



'Avdeling for areal og transport

Vår dato 25.08.2017  
Vår referanse 16/07952-3

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Fylkesmannen i Telemark		Postboks 2603	3702 SKIEN
Norges vassdrags- og energidirektorat		Postboks 5091, Majorstuen	0301 OSLO

Kopimottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Klikk her for å skrive inn tekst.	Klikk her for å skrive inn tekst.	Klikk her for å skrive inn tekst.	Klikk her for å skrive inn tekst.